



Statens vegvesen Region vest
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2176 - 18/21605

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
10.10.2018

Vedtak om særskilt fartsgrense 30 km/t - KV 1122 Skintveitvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 271/2018

Saksutgreiing:

Meland kommune ønskjer å skilte KV 1122 Skintveitvegen med fartsgrense 30 km/t. Til no har ikkje Skintveitvegen hatt særskilt fartsgrense, men ettersom vegen ligg i tettbygd strøk, vil 50 km/t vere den generelle fartsgrensa.

Vurdering

Den kommunale delen av Skintveitvegen er ca 1 km lang med varierende vegbreidde mellom 3 og 5 m. Vegen er tilkomstveg til Rossland barne- og ungdomsskule, fleire friluftsområde samt busetnad i område. Langs delar av vegen er det parkeringsplass for skulen. Meland kommune vurderar at vegen bør skiltast 30 km/t ettersom den er smal og er tilkomst til barne- og ungdomsskule.

I samsvar med skiltforskrifta § 26 ba Meland kommune om uttale frå Vest politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale var satt til 01.10.2018.

Statens vegvesen påpeikte i sin uttale at strekninga bør skiltast med skilt 362, samt at strekninga bør supplerast med fysisk fartsdempande tiltak.

Skilt 362 er i tråd med utarbeidd skiltplan. I samband med revisjon av ny handlingsplan for trafikksikring i 2019 vil kommunen vurdere behov for fartsdempande tiltak.

Vest politidistrikt hadde ingen merknader.

Vedtak

«I medhald av skiltforskrifta § 26 vert det vedteke å skilte fartsgrensa på KV 1122 Skintveitvegen til 30 km/t. Skilt vil bli satt opp basert på vedlagt skiltplan.»

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skiltplan - KV1122 Skintveitvegen

Kopi til:

Paal Tonning

Mottakere:

Statens vegvesen Region vest
Vest politidistrikt

Region vest
Postboks 85

6861
6901

LEIKANGER
FLORØ